



Kanskje kjem Sjørøvarkaptein Sprød i år også?

14 juni er det igjen klart for Aktivitetsdag i båthavna – i år med ny vri på «Hopp i Havet».

Damevennene er allereie i full gang med planlegginga av årets aktivitetsdag. Det meste blir som tidlegare med sal av kaffi, kaker, grillmat og ulike aktivitetar for liten og stor.



[Oddmund Soldal kan moglegvis få brukt for sykkeldoninga si igjen :-\)](#)

Nytt i år er at «Hopp i Havet» konkurransen går ut. I stadenfor prøver ein seg på ein ny vri der ein vil leggja ein planke mellom to punkt i sjøen som deltakarane skal prøva å sykla over. Så her er det om å gjera å «pimpa» både seg sjølv og sykkelen og melde seg på. Du kan melde deg på via Uskedal Aktivitetshus si Facebook sida. Her kan du sikkert og få meir info om årets konkurranse.

Ein som mest sannsynleg ikkje har hverken gått eller sykla planken enda er Sjørøvarkaptein Sprød. Vi har truverdige vitner på at han er observert siglande utan for England med stø kurs mot Uskedalen. Dei same vitnene opplyser at han ser ut til å vera i storslag, så der blir spanande å sjå kva han har tenkt å underhalda med i år.

Hvis du vil bidra på Aktivetsdagen, anten som friviljug, med aktivitetar, stand eller underhaldning kan du kontakte Klara på tlf. 92811485 eller Janne på tlf. 95824652.

Damevennene

Tekst: Anita Enæs

Nett: H.O.Østebø